



Sunnfjord  
kommune

# Vurdering av strukturtiltak

Tiltak B - To ungdomsskular i sentrum



# Innhold

<b>Tiltak B – To ungdomsskular i sentrum.....</b>	<b>3</b>
Beskriving av tiltak.....	3
Geografi og elevtalsutvikling .....	3
Ny krinsgrense i Førde sentrum .....	7
Kapasitet ungdomssteg.....	8
Kapasitet barnesteg .....	9
<b>Konsekvensar .....</b>	<b>10</b>
Økonomisk effekt.....	10
Konsekvensar for elevane .....	11
Skuleskyss .....	11
Fagmiljø og læringsutbytte .....	11
Klassesstorleik og læringsmiljø .....	11
Elevmiljø og trivsel .....	11
Fellesaktivitetar og identitet.....	12
Skuleveg .....	12
Lang reiseveg.....	14
Konsekvensar for tilsette .....	16
Konsekvensar for lokalsamfunnet.....	16
<b>Effekt- og konsekvensmatrise .....</b>	<b>17</b>
<b>Konklusjon .....</b>	<b>17</b>

# Tiltak B – To ungdomsskular i sentrum

Tiltaket består av 5 aktivitetar:


- Nye Førde ungdomsskule tar inn elevar frå Holsen og Sunde krins.
- Flatene skule blir ein 1.-4.-skule, og Halbrend skule blir 5.-10.-skule.
- Førde barneskule vert lagt ned og elevane vert fordelt mellom Flatene, Halbrend og Slåtten.
- Ungdomsskuleelevene frå Vassenden skule vert flytta til nye Førde ungdomsskule.
- Ungdomsskuleelevene frå Viksdalen skule vert flytta til nye Førde ungdomsskule

Start | H16  
Slutt


## Beskriving av tiltak

### Geografi og elevtalsutvikling

Sunde og Holsen krins ligg meir naturleg til nye Førde ungdomsskule på Hafstad, sidan dei køyrer forbi på veg til Halbrend. Sjølv om avstanden mellom dei to skulane er minimal, vil elevane få noko redusert reisetid om dei går på nye Førde ungdomsskule.




Frå Viksdalen skule, og til nye Førde ungdomsskule, er det 38 km.




Figur 1 - Fordeling av elevar på ungdomssteget hausten 2026

Som vi ser på kartet er det ein del elevar som bur oppover mot Gularfjellet, og som dermed får den lengste reisevegen dersom dei skal til Førde. Elevane som bur lengst vekke frå Førde sentrum får ein reiseveg på om lag 53,8 km. Frå enden av vegen mot Roska er det om lag 42 km. Elevane som bur nærmast Førde har avstand på 29 km.

Med utgangspunkt i barnetal frå folkeregisteret ser elevtalsutviklinga slik ut for ungdomssteget på dei aktuelle ungdomsskulane:




For barneskulane ser det slik ut med gjeldande skulestruktur:




I dette tiltaket tilrår vi ein nye skulekringsgrenser. Førde barneskule sine elevar vert fordelt mellom Slåtten og Halbrend.


Dette kartet syner Førde barneskule sin skulekrins.



Dette kartet syner grensene i sentrum i detalj:




## Ny kringsgrense i Førde sentrum



Figur 2 - Ny kringsgrense Slåtten

Den nye grensa er utvidar Slåtten skule sin krins og «legg til» området nord for den tynne blå linja i utsnittet under. Dette utgjer Falkenstein, Toene, Presteholten.



Figur 3 - Utsnitt Toene/Angedalsvegen

Den ny grensa føl kyrkjevegen men tar med seg dei bustadane som er knyt til vegen slik at ein unngår å splitte nabolag.


Det nye området som vert innlemma i Slåtten skule sin krins er innafor 4 km avstand, som betyr at det ikkje utløyer rett til skuleskyss for elevar på 2. - 7. trinn. For førsteklassingane er grensa for skuleskyss 2 km. I praksis vil den grensa vere i Øvre Presteholten/ved Løa på Tåene og ved Førdehuset. Det betyr at krinsgrensejusteringa vil utløyse skyss for dei fleste 1.-klassingar som tidlegare hørde til Førde barneskule sin krins, om lag 10 elevar (født 2011-2024).

Angedalsvegen er ein del av Førdepakken, og skulevegen vil dermed få ein forbetring i standard når tiltaket er ferdig.

Resten av Førde barneskule sin krins vert tilført Flatene/Halbrend.


## Kapasitet ungdomssteg

Dersom ein ser på ungdomsstega vil endring av opptaksområder gjere følgande utslag. Her er ungdomsskuleelevar frå Holsen, Viksdalen og Vassenden plassert på Førde ungdomsskule. Ungdomssteget på Halbrend er utvida med «sin del» av Førde barneskule sin krins. Det totale elevtalet på Halbrend skule vil auke noko hausten 26, men på fire år vil totalt elevtal vere tilbake på 2025-nivå.



## Kapasitet barnesteg

Ny skulestruktur med kringsgrensejustering vil gi følgande elevtal:



Med nedlegging av Førde barneskule, og omorganisering av Halbrend og Flatene skular vil elevtalet på Slåtten auke betrakteleg, og Halbrend skule vil få ei god auke i elevar på mellomsteget.

På Halbrend skule er det 19 klasserom. Det gir kapasitet på 475 elevar dersom vi har 25 elevar i kvart klasserom.

Flatene skule har 14 klasserom. Skulen vil kunne ta imot 3 parallellar per trinn som svarar til om lag 330 elevar. Skulebygget er bygd for å vere spesialtilpassa 1.-4. trinn.

På Slåtten skule er det 21 klasserom, der eitt av dei er mindre eigna. Dette gir ein kapasitet på 500 elevar dersom vi har 25 elevar i kvart klasserom. Det er trengsel på spesialrom som grupperom og gymsal med dagens elevtal på 413, og skulen melder om behov for areal til arbeidsplassar for lærarane. Dette vil bli ei større utfordring ved elevtal på opp til 481. Det bør utgreiast om det er mogleg å utbetre skuleanlegget for å møte framtidige behov som ligg til ein slik elevmasse.

Viksdalen skule har plass til 100 elevar. Vi vurderer at det er god kapasitet til å etablere eit oppveksttun. Lokala vil truleg ha noko behov for ombygging for å stette krava til drift av barnehage. Det vil truleg og bli behov for å gjere tilpassingar på uteområdet.

# Konsekvensar

## Økonomisk effekt

	Budsjettår		Økonomiplanperiode				
	2024	2025	2026	2027	2028	2029	
Teneste 202	0	0	2 395	5 549	5 109	5 132	
Bygg FBSK**			2167	5200	5200	5200	
Tilskot pr. grunnskule*	0	0	-563	-563	-563	-563	
Auka skysskostnadar			-125	-300	-300	-300	
Samla Innsparing	0	0	7550	14079	8616	8639	

\* Gitt at ordninga frå dagens regjering vert vidareført

\* Gamle Førde ungdomsskule

I tillegg til utslaga i tabellen over vil ei nedlegging av Førde barneskule kunne ha betydeleg effekt:

	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Sparte leigeutgifter VOI			3 000	3 000	3 000	3 000
Sparte leigeutgifter Aktivitetseininga			2 300	2 300	2 300	2 300
Reduserte investeringskostnadar			15 000	15 000		

- Vi unngår investeringskostnad på over **40 millionar kroner** for å bygge om gamle Førde ungdomsskule. 40 Millionar er henta frå Norconsult sin rapport, og vil i realiteten vere høgare grunna prisvekst m.m.
- Vi kan omdisponere Førde ungdomsskule til lokale til Aktivitetseininga og Vaksenopplæring og integrering. Åleg leiger desse einingane lokale for over 5 millionar kroner.
- Å ikkje ha barneskule på gamle Førde ungdomsskule vil også kunne bidra til at Solsida barnehage kan få utvide sitt uteområde, slik at det er i tråd med anbefalt areal. Dei manglar om lag 500 m<sup>2</sup> for å oppnå norma.

Med dette tiltaket vil ein vere godt innafor maksimal kapasitet på alle skular, utanom Slåtten skule. Der vil det vere behov for å auke kapasiteten i høve spesialrom/grupperom, samt kontorareal til tilsette.

# Konsekvensar for elevane

## Skuleskyss

Med dette tiltaket vil alle elevar ved Vassenden og Viksdalen sine ungdomssteg få rett på skuleskyss til nye Førde vidaregåande skule. Hausten 2026 vil dette utgjere omlag 90 elevar, med årleg kostnad på 9000 kroner pr. elev. Dette utgjer 810 000 kroner. Men mange av elevane har allereie skyss i dag. 12 av 16 elevar på Viksdalen på ungdomssteg hausten 2026 har rett på skyss i dag. Det same gjeld 43 av 75 elevar ved Vassenden skule. Å flytte ungdomssteget til Førde vil derfor utløyse skyss for om lag 36 fleire elevar. Dette vil igjen utgjere ei auke på om lag 300 000 kroner årleg.

## Fagmiljø og læringsutbytte

Ein større skule kan tilby eit breiare spekter av valfag og spesialiserte undervisningstilbod, noko som kan auke elevane sin interesse og sikre fleire tilpassa tilbod. Med fleire elevar og lærarar blir det også mogleg å byggje robuste fagmiljø, der ein kan rekruttere lærarar med spesialkompetanse og investere i meir avansert utstyr for praktiske fag som teknologi, kunst og naturfag. Fleire ressursar kan leggje til rette for tverrfaglege prosjekt, der lærarar frå ulike fag kan samarbeide og gi elevane meir heilskapleg opplæring.

## Klassestorleik og læringsmiljø

Med 436 elevar på Hafstad VGS, vil vi få maks 15 klassar, og er godt under det som er maksimalt med tanke på kapasitet/rom. Med dette elevtalet vil Førde ungdomsskule vere ein 5-parrallells skule, og Norconsult sin rapport slår fast at bygget er godt eigna til denne elevmassen.

Eit større skolemiljø gir moglegheit for fleksible læringsgrupper som styrkar tilpassa opplæring.

Det må også leggast til grunn at større miljø kan vere utfordrande for enkelte elevar, og bidra til svekking av tryggleikskjensla. Fleire elevar betyr og at vi i større grad greier å fylle opp klassar. Dette vil gi betre utnytting av ressursane, men i arbeidet med kunnskapsgrunnlaget «Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen» kom det tydeleg fram frå både FAU og dei tilsette, at fulle klassar ikkje var til det beste for alle elevar.

## Elevmiljø og trivsel

Eit større elevtal gir meir variasjon i det sosiale miljøet, med fleire moglegheiter til å danne vennskap og styrke den sosiale dynamikken på skulen. Å samle ungdom i Førde sentrum bidreg til eit felles ungdomsmiljø, der elevane kan finne vene med liknande interesser og oppleve sterkt tilhøyrslse. Eit større skolemiljø legg også til rette for enklare rekruttering til ungdomsklubb, andre fritidstilbod og sosiale aktivitetar.

Samtidig vil eit større miljø krevje tiltak mot mobbing og systematiske arbeid for å styrke sosial integrering. Her har skulane mykje gode erfaringar, som ved til dømes programmet «Draumeskulen».

Ein gjennomgang av internasjonale og norske studiar om kva skulestorleik betyr, konkluderer med at det er liten samanheng mellom skulestorleik og elevane si læring og trivsel når ein har teke omsyn til andre bakgrunnsvariablar ([UDIR](#)).

## Fellesaktivitetar og identitet

Samling av elevar og ressursar i ein større skule kan styrke fellesskapskjensla. Ved å oppretthalde to ungdomsskular vil ein ikkje naturleg kunne bygge ein felles kultur i ungdomsmiljøet gjennom til dømes større arrangement som skuleball, kulturveldar og idrettsdagar. Det kan vere at å gå på ungdomsskule i sentrum vil vere ein positiv faktor elevane frå Vassenden og Viksdalen; då dei lettare kan delta på aktivitetar som vert arrangert i Førde sentrum etter skuletid.

Med samling av ungdom på ein sentrumsskule kan ein også utvikle tradisjonar og aktivitetar som fremjar fellesskap på tvers av bakgrunnar og interesser. Samla ressursar for tilbod som helsesjukepleiarar og miljøarbeidarar vil bidra til ein meir stabil og tilgjengeleg støtte for elevane når dei treng det.

## Skuleveg

For elevar som skal til Halbrend og/eller Flatene skular vil det for elevane som tidlegare sokna til Førde barneskule bli ein noko lengre skuleveg, med fleire «trafikale faktorar» enn tidlegare. Det er særleg elevane på 2. – 7. steg som bur på Hornes, Bergum og Haugum som får ein krevjande skuleveg. Elevar i 1. klasse vil få rett på skyss grunna avstand.

Dei fleste har under 4 km avstand som er avstandsgrensa for 2. – 10. trinn, noko som betyr at dei ikkje har rett på skyss etter den regelen. Skulevegen for desse elevane vil truleg vere langs RV5 gjennom Førde sentrum, kryssing av vegen ved rundkøyringa framføre Førde Hotell og langs E39 opp til, og via, Liavegen.

Denne strekninga vil ha mange punkt som representerer ein viss fare når ein ferdast i trafikken, og ved å gjennomføre strukturgrepet må ein vurdere om skulevegen er særleg farleg eller vanskeleg for elevane som skal ferdast der.

Utdanningsdirektoratet har i rundskriv 3-2009 i kapittel 12 prøvd å nærme seg ein definisjon av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg på følgjande måte:

«Elevar som ferdast i trafikken vil alltid vere utsett for ein viss fare. Dette er likevel ikkje nok til å få gratis skyss ettersom det må vere tale om ein «særleg risiko». Dette inneber at faren ved å ferdast på denne vegen må vere utanom det vanlege for at vegen skal kunne karakteriserast som «særleg farleg eller vanskeleg» skuleveg for den einskilde elev».


For å kunne vurdere om vegen er «særleg farleg eller vanskeleg», må alle relevante forhold ved vegen kartleggast. Dette kan vere trafikkettleik, vegdekke, vegbreidde, vegskulder, fotgjengarovergangar, fartsdumpar, lys, generell sikt, fartsgrense og ulukkesstatistikk.

Ein må også vere merksam på at trafikktihøva kan endre seg gjennom årstidene, t.d. lys/sikt, føre og brøyting. Deretter må det gjerast ei vurdering av om den enkelte

elev har føresetnad for å ta seg forsvarleg fram i det aktuelle trafikkbildet. Ved den individuelle vurderinga må det takast omsyn til alder, utvikling, syn og hørsel.

Spørsmålet i denne saka er om alle punkta langs skulevegen samla sett vil utgjere ein særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, og om det skal vurderast for kvar enkelt elev, eller opp til gitt alder/klassessteg. Elevar vil uansett alltid ha anledning til å søke om slik skyss, og få ei individuell handsaming.

Under kan ein sjå geografisk plassering av elevar frå 2.-7. steg hausten 2026, som får skulevegen sin gjennom Førde sentrum, totalt 55 elevar.



Figur 4 - Elevar på 2. - 7. steg hausten 2026 i området Haugum/Bergum

Elevar på Hafstadflata vil også få noko lengre skuleveg. Det er derimot ikkje like lett å konkludere på om den blir tryggare eller mindre trygg, då utbetringar i Førdepakken har bidratt til betre forhold for mjuke trafikantar langs E39. Eit kritisk punkt vil vere at elevane må krysse gangfeltet ved rundkjøringa ved Førde Hotell.

For elevar som skal til/frå Nye Førde ungdomsskule har Førdepakken lagt til rette for trygg og god ferdsel både for gåande og syklande i området kring Hafstad vidaregåande skule. Elevmassen som tidlegare sykla/gjekk frå Vie-området og ned Angedalsvegen for å komme seg til Førde ungdomsskule, vil no kunne nytte ein tryggare skuleveg gjennom Hafstad-parken, eller langs E39 med avskilt gang og sykkelveg.

Skulevegen for elevane på Hornes, Bergum og Haugum vil vere eit kritisk moment i tiltak A. Det bør leggast til grunn i vurderinga at skulevegen vil kunne utløyse skyss for elevar som igjen vil vere ein kostnad som må løysast fullt ut av kommunen, då fylkeskommunen ikkje har skyssansvar for elevar grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

## Lang reiseveg


Ved gjennomføring av tiltak B må kommunen nøye vurdere kva som er forsvarleg lengde på skulevegen for elevar på ungdomssteget. I denne vurderinga må vi vurdere forhold ved eleven, lengda på transporten og dei trafikale forholda som er gjeldande (busstopp, byte av buss osb.)

Det er ikkje definert maksimal reisetid i lovverket. Vestland fylkeskommune ved Skyss etterstrever å organisere ei samla reisetid på 75 minutt for ein elev på ungdomssteget.


Generelt blir ein dagleg skuleveg vurdert som akseptabelt dersom den gir elevane ein rimeleg reisetid utan at det går ut over kvile, fritid eller moglegheita til å delta i aktivitetar etter skuletid.

For enkelte elevar som i dag soknar til Viksdalen skule vil reiseavstanden auke betydeleg. Eleven som vert hardast råka av lang reiseveg både i tid og avstand bur i Gaulafjellsvegen (Mjell) og får om lag 1 time og 30 min reisetid med avstand på 50,8 km frå adressa, til Hafstad VGS-bygget.

Hausten 2026 fordeler elevar som går på ungdomssteget seg slik på Gaulafjellsvegen.



Slik ser elevfordelinga ut om ein ser på alle barn født frå 2009 (10. klasse) og fram til i dag.



Dette utgjer ein svært lang reisetid kvar dag for elevane som bur lengst vekke, noko som kan vere krevjande både fysisk og psykisk for ein ungdomsskulelev.

Samstundes må denne lange skulevegen vegast opp mot ulempene ved å gå på ein skule med svært få elevar, noko som kan vere ugunstig både fagleg og sosialt. Ein liten skule kan ikkje tilby eit breitt fagmiljø eller eit variert sosialt fellesskap, noko som kan påverke både læringsutbytte og trivsel. For elevane si totale læringsoppleveling vurderer kommunen derfor at tilgangen til eit større skolemiljø kan vege opp for ulempene ved ein lengre skuleveg.

Som alternativ for elevane i Viksdalen kan det vurderast å flytte ungdomsskuleelevarne til Sande skule. Dette har vore tema i tidlegare prosessar, og det har vore uro knytt til å bruke vegen mellom Sande og Viksdalen som skuleveg. I dialog med veigeigar Vestland Fylkeskommune er det opplyst om at det er utført arbeid på vegstrekka dei siste to åra. Mellom anna er det opparbeidd ein rasvoll. I tillegg er det planlagt nokre mindre tiltak med bolting. Tiltaka reduserer risiko for ras, men vegen vil framleis vere utsett for rasfare.

Strekninga mellom Viksdalen og Sande skular er 24 km. For eleven lengst oppe på Mjell er avstanden 32 km. Rutebuss, med 10 min ventetid på Eldalsosen, brukar 1 time og 6 minutt (frå busstoppet *Hoffslåttene indre*).

## Konsekvensar for tilsette

- Tilsette ved Halbrend skule vil oppleve ei endring i sin arbeidskvardag ved at dei får fleire elevar på mellomtrinnet, og færre på ungdomssteget.
- For Viksdalen skule sin del vil eit allereie lite arbeidsmiljø bli ytterlegare redusert.
- For Vassenden skule sin del vil det bli ei betydeleg endring, ved at ein stor del av elevmassen vert flytta til Førde.
- Ein større arbeidsplass med fleire kollegaer, som vil vere ei endring både sosialt og fagleg.
- Samanslåing kan skape eit større og meir variert fagmiljø for lærarane som eventuelt flyttar arbeidsplass frå Vassenden og Viksdalen. Dette kan føre til eit rikare samarbeid, og styrking av profesjonsfellesskapet og utvikle pedagogisk kompetanse.
- Stor skule kan gjere det vanskelegare for lærarane å ha oversikt over den samla elevmassen, ved til dømes inspeksjon og liknande. På same tid er det fleire lærarar som har inspeksjon, og det blir vanskeleg å konkludere på om tilsynet vert svekka eller styrka.
- Det blir vanskelegare for lærarane å kjenne til alle elevane.

## Konsekvensar for lokalsamfunnet

For både Vassenden og Viksdalen sin del vil dette tiltaket kunne redusere ungdomsaktivitet i bygdene. Det er gjort eit godt arbeid over lengre tid for å legge til rette for at unge skal trivast, med mellom anna utviding av idrettsanlegg og etablering av ungdomsklubb. Det kan tenkast at å flytte ungdomssteget til Førde vil medføre at det blir mindre aktivitet på Vassenden og i Viksdalen, då ungdommen heller blir verande att i Førde og nyttar seg av aktivitetstilbodet der etter skuletid, heller enn å reise heim.

# Effekt- og konsekvensmatrise

Her skal du vurdere av effekten av tiltaket sett opp i mot konsekvensen av tiltaket. Tiltak med låg konsekvensen og høg effekt (grøne tiltak) bør gjennomførast før tiltak med høg konsekvens og låg effekt (røde tiltak).

		Effekt og konsekvens				
		1	2	3	4	5
Konsekvens	1	2	4	6	8	10
	2	3	6	9	12	15
	3	4	8	12	16	20
	4	5	10	15	20	25
	5					
		Effekt				
		1	2	3	4	5
		Låg				Høg

Effektverdi	Konsekvensverdi	Matriseverdi
3	3	9

**Vurdering:** Tiltaket er vurdert som gult

## Konklusjon

Tiltak B, som inneber oppretting av to ungdomsskular i sentrum, vil ha økonomiske og faglege fordelar ved å samle ungdomsskuleelevene i større einingar, som gjev betre ressursutnytting og eit meir robust fagmiljø. Dette kan styrke opplæringa og gi eit breiare tilbod til elevane. Samtidig medfører tiltaket ulemper knytt til lengre reiseveg for enkelte elevar frå utkantområda, noko som kan påverke både kvardagslogistikk og det sosiale miljøet i desse bygdene.

Tiltaket gir ikkje full innsparing for kommunen, og behovet for kapasitetsauke på spesialrom og areal til lærarar ved Slåtten skule må vurderast nærmare. Samstundes opnar dette for meir effektiv utnytting av bygningars, mellom anna

gjennom omdisponering av gamle skulelokale til andre kommunale tenester. Det er også positivt at vi med dette tiltaket ikkje fyller alle skulebygg til maksimal kapasitet. I dette tiltaket vil vi berre sjå mindre kapasitetsutfordringar på Slåtten skule.

Samla sett kan tiltaket gjennomførast dersom kommunen vurderer at dei faglege fordelane og ressursinnsparingane veg opp for dei praktiske utfordringane knytt til skuleskyss og reiseveg.